



FAGFORBUNDET
Sogndal

Årsmelding 2022



FAGFORBUNDET
Sogndal

NYTT FRÅ AVD. 547



Sogn Avis

Nett brukar Direktesport Tips oss Favis Lag og elga annonser Meiringer Meny

Samskaping og involvering



FAGFORBUNDET
SOGNDAL



Vervekampanje!



Fagforbundet Sogndal arrangerer ein stor vervekampanje i perioden 1.mai – 1.november 2022.

Verv minimum to nye yrkesaktive medlemar eller lærlingar.
Det blir tildelt tre premier!

Styret 2022:

Leiar

HTV

Nestleiar

Opplæringsansvarleg

Pensjonisttillitsvald

Leiar seksjon kyrkje, kultur og oppvekst (YKKO)

Leiar seksjon helse og sosial (YHS)

Leiar seksjon kontor og administrasjon (YKA)

Leiar seksjon samferdsel og teknisk (YST)

Kasserar

Fane 2

Sekretær (gikk av 31. juni. 2022 grunnet flytting)

Sekretær (01. juli 2022 til dags dato)

Ungdomstillitsvalt

Styremedlem

Styremedlem

Styremedlem

Styremedlem Vara (YST)

Vara (YHS)

Revisor

Revisor

Raymond Lind

Siv Laila Eriksen

Keyty Planeta

Hege Lerum Orrestad

Anne Elisabeth Teigen

Margrete Berge Feidje

Siv Anett Navarsete Skartun

Merethe Trettenes

Jarle Andersen

Bente Kristin Sæhl

Svein Harald Hovland

Aina Thomassen

Merethe Trettenes

Elisabeth Hamre Tunvold

Anita Hjørnevåg Anita

Anne Elisabeth Lunde

Anita Sva

Kenneth Stigen

Erika Karina Roskaritz

Knut Navarsete

Björg Perny Heggheim

Valnemnd

Jarle Andersen

Kenneth Stigen

Solfrid Dyrdal

Keyty Planeta

Trond Lønning



Representasjon:

Representantskapsmøte

Representant:	Raymond Lind
Representant:	Siv Laila Eriksen
Representant:	Keyty Planeta
1. Vara:	Aina Thomassen
2. Vara:	Siv Anett Skartun
3. Vara:	Anita Hjørnevang

Forhandlingsutval

Representant:	Siv Laila Eriksen
Representant:	Anne Elisabeth Lunde
Representant:	Lars Magne Norheim
Representant:	

LO Sogndal og Omegn

Vara:	Keyty Planeta
-------	---------------

Koordineringsledd for Bufetat

Region Vest:	Raymond Lind
--------------	--------------

Representant K-ledd Fylkeskommunale medlemmar

Representant	Raymond Lind
--------------	--------------

Regionstyret:

Representant	Jarle Andersen
--------------	----------------

Nestleiar ungdom fylket:

Representant	Keyty Planeta
--------------	---------------

Styremedlem yrkesseksjon kyrkje, kultur og oppvekst:

Representant	Siv Laila Eriksen
--------------	-------------------



Medlemsinformasjon:

Avd.457 Sogndal har pr. 31.12.2022 totalt 851 medlemmar:

- 234 medlemmar som er pensjonistar og uføre
- 97 er studentar / elevar
- 31 er lærlingar
- 179 ungdomsmedlemmar

522 av vår totale medlemsmasse har eit arbeidsforhold.

Avd.547 har i 2022 fått 64 nye medlemmar:

- 43 nytilmeldte
- 9 overført frå anna avdeling i Fagforbundet
- 4 er overført frå anna LO forbund
- 8 har meldt seg inn att etter å ha vore utmeldt

Avd.457 har i 2022 "mista" 48 medlemmar:

- 33 meldt seg ut
- 4 er overført til andre LO-forbund
- 3 er sletta av Fagforbundet pga. manglande kontingentbetaling
- 8 medlem er død.

Møteverksemd

Styret har hatt 7 styremøte sidan 01. mars 2022.

Styret har handsama 70 saker.

Deltatt på regionmøte og representantskapsmøte vår og haust

Sendt delegat til Fagforbundets 5. ordinære landsmøte

Sendt representantar til landskonferanse for yrkesseksjonane.



Høgdepunkt 2022

- Felles kurs for styret og tillitsvalte i mai
- Medlemsmøte på Leikanger med føredragshaldar Marius Løken. Nestleiar på fylket Rita Jordal deltok på samlinga.
- Medlemsmøte i Sogndal om KLP med Anders Austrheim
- Innføring av Office 365
- Utdeling av nærmare 1000 refleksar på refleksdagen i oktober
- Markerte Fagforbundsuka
- Arrangerte medlemslunsj på Sogndal VGS
- Stand på Fruktbare dager på Leikanger
- Ungdomstillitsvalt arrangerte pizzakveld/quiz for ungdomsmedlemmane på kommunehuset i Sogndal
- Arrangerte medlemsmøte for teknisk avdeling.
- Nestleiar Keyty Planeta heldt 1. mai tale i Sogndal
- Deltaking på Fagforbundets 5. ordinære landsmøte og deltaking på Landskonferanse for seksjonane. Leiar deltok
- Opplæring av tillitsvalte på FASE II
- Landskonferansen yrkesseksjonane – Siv Laila, Jarle og Margrete deltok
- Godt fungerende og engasjert styre



Honorarsatser 2022

Verv	Navn	Feb	Mar	Mai	Juni	Aug	Okt	Nov	Des	Sum møte	Oppmøte i %	Honorar
Leiar	Raymond	1	1	1	1	1	1	1	1	8	100 %	54 000
Nestleiar	Keyty Planeta		1	1	1	1				4	50 %	10 000
HTV	Siv Laila Eriksen	1	1	1	1	1				5	63 %	2 500
HTV	Anne Elisabeth Lun	1	1	1		1	1		1	6		3 000
Opplæringsansvarlig	Hege Orrestad		1	1			1			3	38 %	7 000
Kasserer	Bente Kristin Sæhl	1	1	1			1	1	1	6	75 %	10 000
Fane II/styremedlem	Svein Harald Hovla	1	1		1	1	1	1	1	7	88 %	10 000
Seksjonsleder SHS	Siv Anett Skartun	1	1	1	1	1	1	1	1	8	100 %	4 000
Seksjonsleder Tekninsk	Jarle Andersen	1		1	1	1		1		5	63 %	2 500
Seksjonsleder kirke, kul	Margrete Berge Fedje		1	1	1					3	38 %	1 500
Seksjonsleder kontor o	Merete Trettenes	1	1	1	1	1	1	1	1	8	100 %	4 000
Pensjonisttillitsvalgt	Ann Elisabeth Teiger	1	1		1	1				4	50 %	2 000
Sekretær (juli - des 202	Merete Trettenes					1	1	1	1	4	50 %	3 500
Sekretær (jan - juni 202	Aina Thommasen	1	1	1						3	38 %	3 500
Ungdomstillitsvalgt	Elisabeth Tunvold				1	1				2	25 %	1 000
Styremedlem	Anita Sva									0	0 %	0
Styremedlem	Anita Hjønnevåg	1	1	1	1	1	1	1	1	8	100 %	4 000
Vara seksjonsleder tekr	Kenneth Stigen		1	1	1	1	1		1	6	75 %	3 000
Vara seksjon helse og s	Erika Karina Roska	1	1					1	1	4	50 %	2 000

Sum honorar **127 500**

Årsmelding leiar

Det å vere leiar i Fagforbundet Sogndal har vore eit innhaldsrikt og et kjekt verv som nesten krev ein dagleg oppfølging. Gjeremåla er mange og langt fleire enn dei punkta som blir nemnt i lista under. Leiaren har hovudansvaret for alt arbeid i fræningen og skal sørge for at styret fungerer i forhold til sine verv. Eg meina vi har lykkast i mykje, vi samarbeider godt, vi har eit aktivt og deltakande styre og har HTV'ar som jobbar godt. Samtidig ser vi heilt klare forbetningsområde for det kommande året, noko som er adressert i handlingsplanen for 2023.

Eg ønskjer å nytte anledninga til å takke styret for et godt samarbeid i året som har passert. De er ein flott bukett menneske og det har vore ei ære å få vere leiar for ein so flott gjeng. Avsluttar med å rette ein ekstra varm takk til våre HTV'ar som har gjort ein framifrå jobb 😊

Noko av det eg har bidratt med utover den daglege drifta kan eg nemne følgjande:

- Skreve innhold til websida, nyhendebrev og facebook
- Skreve lesarinnlegg i Sogn Avis: Samskaping og involvering
- Kalt inn, utarbeida sakslister og leia 7 styremøter
- Gjennomført fagpolitisk kurs
- Deltok på medlemsmøte på teknisk avdeling
- Gjennomførte FANE II opplæring i Bergen
- Deltok på regionkonferansen mars i Bergen
- Deltok i møter med K-ledd Ecura
- Leia streikekomiteen for KS området i mai
- Deltok i møter med K-ledd Bufetat
- Utarbeida kravskjema/følgebrev til lokale lønnsforhandlinger i HTA kapittel 4
- Innført Office 365 ilag med styret



- Leia streikekomiteen i Private Barnehagers Landsforening
- Var delegat på Fagforbundet sitt 5. ordinære landsmøte
- Deltok på Leder- og representantskapsmøte i Førde
- Utarbeida nye rutinar for informasjonsflyten i fagforeininga
- Arrangerte medlemsmøte om KLP på Quality Hotel Sogndal med merkeutdeling
- Arrangerte medlemslunsj for medlemmer på Sogndal VGS
- Deltok på læringekonferansen på Sogndal VGS
- Kalte inn styret til eige møte om Handlingsplan 2023 + juleavslutning.

Årsmelding nestleiar

2022 spennande, lærerik og travelt år!

Av ting eg har gjennomført/deltatt på som nestleiar i 2022:

- Deltatt på regionkonferanser
- Møteverksemd
- Medlemspleie/telefonsamtaler
- Arrangert regionskonferanse for ungdomstillitsvalt i Vestland som vart i Odda
- Heldt 1. mai tale i Sogndal.
- Delteke på Sommarfestivalen til Fagforbundet Ung saman med ungdomstillitsvald Elisabeth.
- Delteke på LO sin sommarpatrulje.
- Arven etter Franco prosjekt i Spania.
- Landskonferanse Fagforbundet Ung



Årsmelding HTV Anne Elisabeth Lunde

2022 har vore eit år prega av turnusarbeid, turnusavtalar og eit samarbeid med dei ulike tenesteleiarane for å få dette på plass. HTV har deltatt i drøftingsmøter / partsamarbeidsmøter både i forhold til turnus, og elles ting som rører seg i dei enkelte einingane. Nokre medlemmer har fått innvilga ønsket om høgare stillingsprosent, andre har fått innvilga krav om fast stilling. HTV Anne Elisabeth Lunde og HTV Siv Laila Eriksen har delteke på HTV samling på Flesland 25. – 27. oktober. Dette var ei veldig kjekk og lærerik samling. HTV har også deltatt i tilsettingsprosesser og intervjurunder til mange stillinger i kommunen. Som styremedlem / HTV har eg også deltatt på styrekurs i Bergen 11. og 12. mai -22. Veldig kjekt, lærerikt og ikkje minst sosialt.



Årsmelding HTV Siv Laila Eriksen

Året 2022 var nok ett hektisk år som HTV. Mykje som skjer i kvardagen til ein hovudtillitsvalt. Ikkje tvil at me merker at me er ein samanslått kommune. Og at det har vert ein del skifte på leiarnivå. Så det har vore utfordringar med å få dagane til å strekke til.

Her er noko som me har arbeida med:

- Partssamarbeid
- Tilsetningar
- Skifte av leiarar
- Turnus
- Enkelt saker
- Kurs
- Omorganisering
- Lokale forhandlingar kap 3 og 5
- Revidering av dei ulike reglementa
- Kultur
- Innsparingar

Me vil takke dei plasstillitsvalte som gjer ein fantastisk jobb, det er dei som står i førstelinje. Og i 2022 fekk me mange nye tillitsvalte som no skal få skolering og som me vil ynskje velkomen.

Og ikkje minst eit vel fungerande styre, som set retning for vidare arbeid.

Årsmelding Opplæringsansvarleg

Som opplæringsansvarleg og styremedlem har eg i 2022 delteke på styremøte og digitale møte som eg har hatt høve til.

Desse kursa har medlemmene, styret og tillitsvalde i fagforbundet 547 hatt moglegheit til å delteke på i 2022. Dette er dei kursa som eg har formidla ut:

- 03.02.22 Nettkonferanse for Helsesekretærer
- 09.02.22 Nettkurs, Kommuneloven
- 30.03.22 Faglig digitalt kurstilbod for medlemmer innen renhold
- 03-04.05.22 HMS Konferanse
- 03.05.22 Digital BPA kafè
- 14-16.06.22 Grunnleggende turnuskurs Førde
- 24-25.08.22 Kurs i ernæring Førde og Bergen
- 30.08.22 Webinar om grunnleggende EKG tolkning
- 08.09.22 Kunnskapsbasert sårbehandling Bergen
- 13-14.09.22 Kassererkurs Florø



04-06.10.22 Faglig politisk kurs
10-12.10.22 Grunnleggende turnuskurs Bergen
25-27.10.22 HTV samling KS
09-11.11.22 Grunnleggende turnuskurs Førde
10-11.11.22 LOFavør kurs
29.11 -01.12.22 Faglig politisk kurs
13-14.12.22 Veilederkurs for Fase 1

Årsmelding Seksjonsleiar YKKO

Handlingsplan 2022 yrkesseksjon kyrkje, kultur og oppvekst.
Gjennom året har det vært ein del kursing. Var på seksjonssamling i Bergen som var veldig lærerik.
Samling med styret og plasstillitsvalte i Bergen, med kurs og sosial samankomst.
Var med på landskonferanse der me laga ny handlingsplan for fagforbundet på sentralt og lokalt nivå.
Stand på Leikanger under fruktbare dagar
I 2023 vil eg ha fokus på besøk på arbeidsplassar og ein prat med plasstillitsvald.
Muligens være med på tillitsvalt samling.

Årsmelding Seksjonsleiar SKA

Det er godt å koma tilbake i nokolunde vanleg drift etter koronaen. Me har hatt ein del aktivitet.
Spesielt samlinga med Marius Løken og Rita Jordal som var vellukka. Den var alle fire seksjonane med på å arrangera. Det var svært godt frammøte. Eg vart diverre sjuk før seksjonssamlinga på fylket og måtte melda forfall. Men eg var så heldig å få vera med på seksjonssamlinga sentralt. Det var ei svært interessant oppleving. Til slutt vil eg takka Kenneth Kvåle Stigen for all hjelp og støtte eg har fått frå han.



Årsmelding Seksjonsleiar YHS

Nok eit år har gått og som vanleg går det alt for fort i forhold til alt eg har hatt lyst til å gjere i seksjonen.

Men eg har vore på ei samling i Aurland med seksjonsleiar i fylket Sigrun Perez, og representantar i fagforbundet Aurland. Fin dag med mykje diskusjonar og idémyldring om utfordringar i kvar enkelt klubb og korleis me kan løyse det. Så har eg vore eg på to dagars samling på Quality hotell Sogndal. To kjekke og interessante dagar med seksjonsleiarar frå heile fylket, representantar frå fagforbundet i fylket og nasjonalt. Her gjekk me gjennom diverse informasjon,- alt frå fagskular til hovudlinjene som vart vedteke på årsmøtet i fjor, som var målet med samlinga for å diskutere korleis me skal jobbe for å nå desse måla. Er alltid spennande når me vert satt i grupper med diskusjonsoppgåver og eg sit alltid att med mange gode idear for å betre måten me jobbar på i vår eigen klubb. Året avslutta eg med ei av to veker på fase2 kurs. Lange dagar på kurs med masse informasjon, men uhyre lærerike! Ein kan aldri få nok opplæring i lovverk og avtalar for å verte tryggare i rolla som seksjonsleiar og plasstillitsvald.

Frå året som me har avslutta vil eg spesielt tenkje tilbake på samarbeidet eg hadde med dei andre yrkesseksjonsleiarane og at me fekk til ein fantastisk medlemskveld i byrjinga av oktober. Me starta kvelden med å presentere oss og ha loddtrekking av masse flotte effektar frå fagforbundet sjølv sagt. Så fortalte Rita Jordal, nestleiar frå fylket om viktigheita av å vere medlem og litt om fagforbundets historie. Dette brygga opp til høgdepunktet for kvelden, foredrag med Marius Løken, mannen som overlevde Halloweendrapet tilbake i 2012. Eit flott foredrag med eit alvorleg bakteppe, men han fylte salen på Sognefjord Hotell Leikanger med masse latter og medlemmane sat at med mange tankar om viktigheita med god psykisk og fysisk helse.

Eg takkar med dette for meg dette året, og håpar eg får fortsetje i 2023!

Årsmelding Seksjonsleiar YKA

Eg har fortløpande sendt vidare informasjon om kurs og generell informasjon frå Fagforbundet sentralt til medlemmar som er organisert under yrkesseksjon kontor og administrasjon. Eg har delteke på alle styremøte i 2022, samt årsmøte. I februar var eg med på å arrangere samling for plasstillitsvalte ilag med HTV. Der hadde eg blant anna innlegg i forhold til orientering om Sogndal kommune sine reglement og gjekk gjennom rutinar ved ein rekrutteringsprosess. I april var eg på seksjonsleiar samling i Bergen, to flotte og innhaldsrike dagar. I mai var eg på 2 dagars samling og opplæring for styret og plasstillitsvalte i Bergen. Eg var aktivt med i streikekomiteen og var med på praktisk planlegging av ein eventuell streik.



I lag med dei andre yrkesseksjonsleiarane var eg med på å arrangere foredragskveld med Marius Løken på Sognefjord hotel. Arrangementet hadde psykisk helse som tema. Me hadde også invitert nestleiar i Fagforbundet Vestland, Rita Jordal, for å informere om tariffmakt og fordelene med å vere organisert. Eg var aktivt med i komiteen for julehelsingar. Der gjekk me for ein ny vri i år og ga gratis kinobillett til alle yrkesaktive medlemmar i Fagforbundet Sogndal.

Årsmelding Ungdomstillitsvalt

Årsoppsummering 2022

- Sommarfestival Hurdal: Ei helg i Hurdal full av ulike foredrag og sosial kveld med god mat. Noko som gjorde at eg vart kjent med mange og fekk snakka med utruleg mange.
- Fylkeskonferanse for ungdomar, Vestland : Eg var heldig og var med på konferanse i Odda. Der fekk eg eit betre intrykk av kva eg hadde sagt «ja» til. Der eg lærte meir om kva rolla som ungdomstillitsvalt går ut på og jobba med hovudlinjene.
- Stand Fruktbare dagar på Leikanger : Det vart litt problem med teltet i og med at det ikkje var brukt før. Eg viste ikkje at teltduken låg ved sida av. Dermed gjorde eg og Margrethe det beste ut av det. Vi gjekk rundt med droppskorga og brosjyrar og delte ut til dei som ville ha.
- Refleksdag, klasserom besøk : Planen var å stå på vgs og fagskulen og dele ut refleksar. I tillegg til å være inne i klasserom. Men fekk dessverre ikkje fri frå jobben min. Dette har generelt vore ei stor utfordring i år.
- Julequiz : Quizkveld på kommunehuset var ein veldig koseleg kveld. Sjølv om det ikkje var meir ein 5 personar utanom arrangørane og fagforbund medlem. Sogndal fotball og Kiwi Hermansverk sponsa premiar.

Årsmelding Pensjonistillitsvalt

Medlemmer i perioden 2021 -2023

Ingunn Borlaug, Balestrand
Siw Njøs, Leikanger
Anne Elisabeth Teigen, Sogndal (leiar)

Gruppa har hatt 3 fysiske møter og div telefonsamtaler gjennom året. Det har også vært helsemessige utfordringar denne hausten (leiar) og det har prega arbeidet.

Hovudtema som har vore diskutert og som det er semje om, er at Fagforbundet sine pensjonistar må søkje eit samarbeid med Pensjonistforbundet. Desse forbunda har eit



utstrekt samarbeid sentralt og det er mest logisk å ta dette samarbeidet ned på lokalt nivå også.

Leiar har hatt samtaler med Pensjonistforbundets tre lokallag og dei ser også at det er viktig å jobbe ilag for å skape tilbod til kommunen sine pensjonistar. Her kan også Eldrerådet komme inn med politisk plassering i forvaltningssystemet. Pensjonistgruppa er av den oppfatning at å vere ei større interessegruppe gir meir tyngde for å oppnå gjennomslag i kommunen sin eldrepolitikk. Vi har ikkje tru på at kommunen bidreg med noko til dei eldre om vi ikkje går i front sjølv.

Sogndal 25. januar 2023

Styret i Fagforbundet Avd. 547 Sogndal

